



TYSNES KOMMUNE  
**2017- 2022**

---

# SAMAN OM FRAMTIDA

– Oppvekst i Tysnes kommune



# INNHOLD


## Styringsdokument for oppvekst

i Tysnes kommune. Illustrasjon fra KS-K

<b>1</b>	<b>Formål</b>	4	<b>7</b>	<b>BARNEHAGE: Samfunnsmandat</b>	10
2.1	Presentasjon av einingane i «Barn og Familie»:	5	7.1	Kvalitet	11
2.2	Presentasjon av einingane i «Barn og Utdanning»:	5	7.2	SATSINGSOMRÅDE: Barnehage	11
3	<b>EINING FOR BARN OG FAMILIE</b>	5	7.2.1	SPRÅK – sol og språkløyper	11
3.1.1	Felles prosjekt for dei tre tenesteområda i eininga det vert jobba mot er:	5	7.2.2	Leiing for kvalitet.	11
4	<b>HELSESTASJON- OG SKULEHELSETENESTA</b>	6	7.2.3	SOFYKOS – Sosial kompetanse, fysisk fostring og kosthald.	12
4.1.1	Helsestasjonstenesta 0-5 år:	6	7.2.4	Førebyggande arbeid mot mobbing	12
4.1.2	Skulehelsetenesta	6	7.2.5	Minoritetsspråklege barn.	13
4.1.3	Helsestasjon for ungdom	7	7.2.6	Overgang barnehage – skule	13
4.1.4	Miljøretta helsevern	7	7.2.7	Forskningsprosjekt i lag med Høgskulen på Vestlandet	13
4.2	Satsing framover	7	<b>8</b>	<b>SKULE: Samfunnsmandat</b>	13
5	<b>PSYKISK HELSE FOR BARN OG UNGE</b>	7	8.1	SATSINGSOMRÅDE skule:	14
5.1	Satsingsområde:	8	8.1.1	Språk, lesing og skriving.	14
6	<b>BARNEVERN</b>	8	8.1.2	Vurdering for læring	15
6.1.1	Førebyggjande arbeid:	8	8.1.3	Tilpassa opplæring	15
6.1.2	Strategi i arbeid med familiar:	9	8.1.4	Sofykos- Sosial kompetanse – fysisk aktivitet og kosthald.	16
6.1.3	Samarbeid	9	8.1.5	Førebuande arbeid mot Mobbing	16
6.1.4	Endringar i organisering	9	8.1.6	Leiing for kvalitet	16
6.2	Satsingsområder i tida framover:	9	8.1.7	Minoritetsspråklege elevar	16
			8.1.8	Overgangsplan: barnehage – skule	16
			<b>9</b>	<b>TYSNES KULTURSKULE</b>	17
			9.1	Måla for kulturskulen er sett opp slik:	17
			<b>10</b>	<b>Ressursar knytt til Oppvekst</b>	17
			<b>11</b>	<b>Lenkesamling</b>	18

# «SAMAN OM FRAMTIDA!»

**Styringsdokument for oppvekst i Tysnes kommune.** Illustrasjon frå KS-K



**Styring er eit politisk ansvar**

**Ledelse er eit administrativt ansvar**

**Gjennomføring er eit profesjonelt ansvar**

## 1 FORMÅL

«Saman om framtida» har som mål å legge til rette for at barn og unge i Tysnes kommune skal vera rusta for framtida og oppleve livsmestring!  
«Oppvekst» har ansvar for å gjennomføre planen.

## 2 INNLEIING:

Oppvekst i Tysnes kommune består av «Barn og familie» og «Barn og utdanning».

Oppvekstsektoren i dag må ha fokus på det heilskaplege mennesket, at borna og elevane våre skal oppleve livsmestring. Eit ordtak seier «Det skal ein heil landsby til, for å oppdra eit barn». Då må me jobba saman og dela kompetanse og dugleikar.

Me vil gje borna våre ein oppvekst tufta på gode verdiar som tryggleik, respekt, venskap, kjensle av å høyre til og oppleving av meistring. Både barn og vaksne skal få erfara å vera ein del av eit fellesskap og samstundes framheva det positive med å vera ulike.

Me må gje borna våre eit fundament med naudsynt grunnkompetanse, samstundes som dei må vera omstillingssyktige i eit samfunn som endrar seg i rekordfart. Det einskilde individ må få utvikla seg og læra etter eigne føresetnader. Samstundes må alle læra å ta ansvar for fellesskapet som skal byggja, medverka og utvikla samfunnet til beste for alle.

Oppvekst jobbar saman om å oppnå desse måla. Denne planen er eit samarbeid mellom alle tenestene

i oppvekst. Me har faste møtepunkt og kompetanse-delning. Me ynskjer det beste for alle barna i kommunen og jobbar tett saman om å gje eit best mogleg tilbod til det einskilde barn. Ein nyttar felles satsings-område og deler kunnskap på tvers av einingar. Eit døme er satsing innanfor barn og unge si psykiske helse.

## **2.1 Presentasjon av einingane i «Barn og Familie»:**

- Helsestasjon og skulehelsetenesta. 150 % helse-søster stilling og 50 % jordmor. Delar av stillinga til kommunefysioterapeut samt helsestasjonslege er og knytt til helsestasjonen.
- Psykisk helse for barn og unge: Tysnes kommune har ein 100% stilling som psykisk helsearbeidar for barn og unge i alderen 0-18 år.
- Barneverntenesta består av 3 100% stillingar inkludert leiar, og har i tillegg 100% stilling knytt til tiltaks-abeid. Målgruppa er born og unge frå 0-18 (23) år.

## **2.2 Presentasjon av einingane i «Barn og Utanning»:**

- Barnehagar: Tysnesbarnehagane består av fire einingar med til saman omlag 150 barn:
  - Stjernereiso barnehage ligg på Reiso og har 96 plassar fordelt på 5 avdelingar. Barnehagen har også ei utegruppe med base i Lavvo.
  - Vågsmarka barnehage ligg i Våge og har 36 plassar fordelt på to avdelingar.
  - Onarheim barnehage ligg på Onarheim og har 36 plassar fordelt på to avdelingar.
  - Lunde barnehage ligg i Lunde og har 48 plassar fordelt på to avdelingar.
- Skular: I Tysnes kommune har me tre skular og elevtalet ligg på til saman rundt 300 elevar.
- Tysnes skule: Tysnes skule er ein 5-10 skule med eit elevtal kring 160 elevar. Tysnes skule er einaste skulen med ungdomstrinn og elevane frå heile kommunen vert samla frå 7.trinn. Skulen har kommunen

sitt einaste symjebasseng og fleir brukshallen er lokalisert i nærleiken av skulen. Vaksenopplæringa og kulturskulen er samorganisert under Tysnes skule.

- Uggdal skule: Uggdal skule har klassetrinna 1.- 4. med eit elevtal kring 110. Elevane blir overflytta til Tysnes skule frå og med 5.trinn. Skulen har eit fulltids SFO –tilbod.
- Onarheim skule: Onarheim skule har klassetrinna 1.- 6. med eit elevtal kring 30. Elevane blir overflytta til Tysnes skule frå og med 7.trinn. Skulen har SFO –tilbod.
- Kulturskule. Tysnes kulturskule har kontor på Tysnes skule, og gjev undervisning på alle skulane i kommunen i tillegg til sal av tenester til frivillige lag og organisasjonar, skular og barnehagar

## **3 EINING FOR BARN OG FAMILIE**

Eining for barn og familie er ei nyopprettet eining frå 2016 beståande av helsestasjonen, psykisk helse-teneste for born og unge samt barneverntenesta. Målet med etablering av eininga, er å styrke samt effektivisere det tverrfaglege arbeidet i høve born, unge og deira familiar, og i større grad dra nytte av kvarande sin kompetanse.

Eininga er etablert med felles leiing for dei tre tenesteområda, og er ein del av oppvekst.

Eininga har som fokusområde å jobbe for tidlig innsats både i høve grupper av born og unge samt oppfølging av einskildindivid.

### **3.1.1 Felles prosjekt for dei tre tenesteområda i eininga det vert jobba mot er:**

- Grupperettleiing til foreldre
- Felles drift av barselgrupper med ulike tema
- Søvngrupper
- PEACE (parent educated anxious child) foredre-rettelingsprogram for barn med angstsymptom. (gruppe/individuelt)

- COS rettleiing (circle of security - trygghets-sirkelen, gruppe/individuelt),
- Treffstaden for ungdom – lavterskeltilbod for ungdomsskuleelevar

## 4 HELSESTASJON- OG SKULEHELSETENESTA

### MÅL:

Helsestasjon- og skulehelsetenesta skal bidra til å førebyggja sjukdom og fremja god fysisk og psykisk helse hjå komande foreldre og barn og ungdom 0-20 år. Tenesta er lovfesta som eit viktig tiltak i kommunen for å bidra til å sikra barn og ungdom 0-20 år eit godt oppvekstmiljø, og skal vera eit kraftsenter for helse og oppvekst i kommunane.

Kommunen skal gjennom helsestasjon- og skulehelsetenesta ivareta det heilsakelege, førebyggjande og helsefremjande arbeid.

- Fremja psykisk og fysisk helse
- Fremja gode sosiale og miljømessige forhold
- Førebyggja sjukdom og skade

Med helsefremjande arbeid meiner ein tiltak som skal betra føresetnadane for god helse og ta sikt på å fremja trivnad, velvære og moglegheit til å meistra dei utfordringane og belastningane menneske blir utsatt for i dagleglivet.

Med førebyggjande arbeid meiner ein tiltak som blir retta mot å redusera sjukdom eller skader, og/eller risikofaktorar som bidreg til sjukdom, skade eller for tidleg død.

Det er vanleg å dela det førebyggjande arbeid inn i tre områder:

- Primærforebyggjande arbeid som rettar seg mot alle. Eks. vaksiner mot smittsamme sjukdommar, kosthaldsrettleiing, førebygging av ulukker.
- Sekundærforebyggjande arbeid i tilfelle der problemet, skaden eller sjukdommen ligg føre. Målet er å oppdaga dette så tidleg som mogeleg slik at vidareutvikling eller tilbakefall kan bli unngått eller bli halde

under kontroll. Eks. målretta arbeid mot grupper av elevar i skulen, oppsøkjande verksemد til sårbare målgrupper.

- Tertiærforebyggjande arbeid som rettar seg mot personar som har sjukdom, skade eller lyte, med sikt på å hindra forverring av eksisterande problem, eks. koordinering av tenester til barn og unge med psykiske eller fysiske handikap.

Jordmor, helsesøster, fysioterapeut, lege og psykisk helsearbeider for barn og unge er tilknytta helsestasjon- og skulehelsetenesta.

### 4.1.1 Helsestasjonstenesta 0-5 år:

- Heimebesøk
- Rettleiing og rådgjeving
- Sped- og småbarnsundersøkingar
- Helseopplysing og foreldrerettleiing-individ og gruppe
- Vaksinasjon
- Sosialt nettverksarbeid
- Tverrfagleg samarbeid

### 4.1.2 Skulehelsetenesta

- Helseopplysing, undervising og rettleiing- individ og gruppe
- Vaksinasjon

*kropp og helse, pubertet, sex- og samliv, problemer med venner eller familie, vanskelige tanker og føl, livsstilsproblemer, andre utfordringer*

- Samarbeid med føresette, skulen og andre aktuelle instansar
- «Open dør»- vera tilgjengeleg for elevane
- Tverrfagleg samarbeid
- Brosjyre om skulehelsetenesta

#### **4.1.3 Helsestasjon for ungdom**

Rettleiing, rådgjeving og helseopplysing i forhold til innsatsområde:

- Ungdom, samliv og seksualitet
- Psykisk helse
- Somatisk helse
- Livsstil og helse
- Ungdom med særskilde behov
- Tverrfagleg samarbeid

#### **4.1.4 Miljøretta helsevern**

- Tuberkulosearbeid
- Influensavaksinering
- Anna smittevern arbeid: førebyggja sjukdommar som Hiv, Hepatitt etc.

#### **4.2 Satsing framover**

På helsestasjonen vil me, meir enn tidlegare, satsa på «tidleg inn». Me har fått eit nærrare samarbeid med småbarnsteamet på Stord BUP, gjennom felles kursing i verktøyet ADBB. Dette arbeidsverktøyet hjelper oss til å observera og måla vedvarande sosial tilbaketrekkning hjå spebarn i alderen 2- 24 mnd. Veileder for helsestasjon- og skulehelsetenesta.

### **5 PSYKISK HELSE FOR BARN OG UNGE**

Det psykiske helsearbeidet for barn og unge er eit ansvar for kommunen som heilskap. Det involverer alle kommunale tenester som er i kontakt med barn og unge. Barnehage, skule og fritidssektoren er

viktige kvardagsarenaer for utvikling av psykisk helse. For barn og unge innebærer eit godt psykisk helsearbeid ei heilskapleg tenkning og eit bredt spekter av tiltak i kommunane, på tvers av dei tradisjonelle sektorgrensene. For å få dette til er det førebyggjande arbeidet i skular, barnehagar og andre oppvekstarenaer særleg sentralt («Psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunene». Veileder IS-1405 ) Kommunane sine overordna arbeidsoppgåver i det psykiske helsearbeidet for barn og unge er å:

- Legge til rette for gode og trygge oppvekstmiljø, og setja i verk førebyggjande tiltak for å hindre psykiske vanskår hjå barn og unge
- Fange opp barn og unge i risiko, eller som har psykiske vanskår eller lidinger.
- Gje hjelp og behandling for dei som treng på det lågaste effektive omsorgsnivå. Dei som kan behandlast i kommunen skal behandlast i kommunen.
- Sørgje for bistand frå, og samarbeide med, spesialisthelsetenesta eller andre aktørar ved behov.

**Hovudmål:** Psykisk helsearbeidar skal ha ein førebyggjande, rettleiande og utøvande funksjon. Tenesta skal vere eit lågterskeltilbod for både barnet, den unge sjølv, foreldre og andre aktuelle i deira nettverk.

«Tenesta skal jobbe både på individuelt, gruppe og systemnivå, og skal vere både eit kunnskaps- og eit praksisfelt.» (Veileder IS-1405 «Psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunene»).

#### **Delmål:**

- Vere aktivt tilstade der kor barn/unge oppheld seg
- Vere lett tilgjengeleg for både dei unge sjølv og andre aktuelle i deira nettverk (føresette, barnehage, skuletilsette, behandlarar mfl.) Treng ikkje nokon form for tilvising, ein tar direkte kontakt med tilsette i tenesta.
- Raskt kunne setje inn tiltak, kort ventetid.

- Både ta initiativ til og delta i samarbeid innanfor eininga og på tvers av tenester
- Vere pådrivar og samarbeidspartner til utvikling av nye tiltak, samt jobbe for vidareutvikling av eksisterande tiltak
- Initiere og delta i tiltak kor målet er informasjonsarbeid kring temaet psykisk helse

### Dømer på tenester:

- Psykisk helsearbeidar er ein del av skulehelse-tenesta, og har faste dagar for støttesamtalar på Tysnes skule og Uggdal skule, etter avtale/ønske på Onarheim skule og i barnehagane.
- Gruppeundervisning (for både barn/unge og føresette)
- Treffstad i Våge for ungdomsskuleelevar
- Vere koordinator for/deltakar i Individuell plan for aktuelle elevar barn/unge.

Felles verktøy for helsestasjon og psykisk helsearbeidar:

- Psykologisk førstehjelp
- PEACE

### 5.1 Satsingsområde:

- COS (spisse heile eininga på tvers av stillingar inn mot eit felles verktøy)
- Vidareutdanning i regi av RVTS (Regionalt ressurs-senter om vold, traumatisk stress og selvmordsføre-bygging) i høve handtering av volds- og overgrepstutsette, saman med Os kommune

## 6 BARNEVERN

Barnevernlova av 1992 seier i sin formålsparagraf at; «Formålet med denne loven er  
- å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.



- å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår». Barneverntenesta skal gje barn, unge og familier hjelp og støtte når det er vanskelig heime. Det er foreldra som har ansvar for å gje borna omsorg, men dersom dei ikkje får det heilt til eller barnet har utfordringar som er vanskelig for foreldra å følgje opp, skal barnevernet hjelpe til slik at barn og unge får omsorg, tryggleik og moglegheit til utvikling.

Hovudmål:

Tysnes barnevernteneste har sett som hovudmål at: «Tysnes barnevernteneste skal bidra til at barn har gode oppvekstvilkår. Me skal arbeide førebyggjande og setje inn riktig tiltak til rett tid for born under vårt ansvarsområde».

### Delmål:

- 1) «Alle lovpålagte fristar skal haldast».
- 2) «Alle skular og barnehagar skal besøkjast årleg»
- 3) «Barneverntenesta skal arbeide for kontinuerlig forbetring av tenestene, og har som mål at det annakvart år skal gjennomførast brukarundersøking som del av dette forbetringarsarbeidet».

### 6.1.1 Førebyggjande arbeid:

- Presentasjon av barneverntenesta til ulike foreldregrupper (foreldremøter i skular, bhg. og til fleirkulturelle grupper m.m.)
- Fagleg samarbeid med nabokommunar mellom anna Fusa, Kvam og Austevoll for faglig styrking og utvikling



- Foreldrerettleiingsprogram saman med eining barn og familie
- Årleg besøk i barnehagar og skular
- Delaktig i ressursgruppa for born og unge
- Delta på «treffstaden» for ungdomsskule-elevar.

### **6.1.2 Strategi i arbeid med familiar:**

- Hovudfokus på endringsbaserte tiltak, foreldre-rettleiing etter ulike rettleiingsprogram, generell rettleiing
- Kompenserande tiltak som t.d. besøksheim/avlastning eller støttekontakt, økonomisk bistand til barnehageplass/sfo eller t.d. dekning av fritidstilbod eller ferietilbod.
- Kontrolltiltak som tilsyn i heimen og ruskontroll.
- Tiltak i form av miljøarbeid i heimen.
- Familieråd eller nettverksarbeid
- Tiltak i form av tilvising til andre hjelpeinstansar som t.d. familievernkontor, BUP eller psykisk helse-tenester
- Tilvising til særskilte eksterne rettleiingsprogram som t.d. MST (multisystemisk terapi) eller PMTO

(Parent Management Training-Oregon)

- Tilvising til opphold på foreldre- og barn senter
- Målet er at born og familiarer på kortare eller lengre sikt skal stå på eigne bein, og etablere naudsynt hjelp og støtte i naturleg nettverk/familie, og i dei tilfella der dette ikkje går, skal barneverntenesta gi borna tilpassa, alternative omsorgsforhold.

### **6.1.3 Samarbeid**

Barneverntenesta har mellom anna følgjande samarbeidspartar:

- Skular og barnehagar
- PPT (pedagogisk psykologisk teneste)
- Helsestasjon og jordmorteneste
- Psykisk helseteneste for born og unge
- BUP (Barne- og ungdomspsykiatri)
- Tannhelsetenesta
- Helsetenester for voksne, legekontor, psykisk helsetenester
- Politi
- Krisesenter

### **6.1.4 Endringar i organisering**

- Stortingsmelding 17. 2015/2016. Endringar i organiseringa av barnevernet. Forslag om overføring av ansvar frå stat til kommune. Stortingsmelding 17. 2015/2016
- NOU 2016:16 forslag til ny barnevernlov for 2020. Forslag til ny barnevernlov
- I forslag til ny barnevernlov som er foreslått iverksatt frå 2020, vil det mellom anna verte krav om barnevernvakt i kvar kommune.

### **6.2 Satsingsområder i tida framover:**

- Tysnes barneverneneste er frå hausten 2016 blitt ei «Mitt liv» Teneste. Det inneber at me er forplikta til å følge retningslinjer utarbeidd av Forandringsfabrikken og «barnevernproffane», for betre å tilpasse tenestetilbodet til born og unge og ha dei fokus. <http://www.forandringsfabrikken.no/>

- To tilsette gjennomfører vidareutdanning saman med Os kommune i regi av RVTS ( Regionalt ressurs-senter om vold, traumatiske stress og selvmordsføre-bygging) i høve oppfølging av volds- og overgrepss-utsette, samt i høve samtalar med born
- Sertifisering innan COS (circle of security) - foreldrerettleatingsprogram.
- <http://circleofsecurity.com/>

## 7 BARNEHAGE: SAMFUNNSMANDAT

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. (Barnehageloven § 1 Formål, 1. ledd) I ny rammeplan (2017) står det blant anna at barnehagen skal:

### - Ivareta barnas behov for OMSORG

Omsorg er ein føresetnad for barna sin trygghet og trivsel, og barnehagen skal gje barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve og bli sett, forstått og respektert og få den hjelpe og støtte dei har behov for.

### - Ivareta barnas behov for LEIK

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barnas eigen kultur. Leken skal vere ein arena for barnas utvikling, læring, sosiale og språklige samhandling.

### - Fremme DANNING

Barnehagen skal støtte barna i å forholda seg prøvande og nysgjerrig til omverda og bidra til at dei kan delta aktivt i ulike fellesskap. Barnehagen skal fremme samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.

### - Fremme LÆRING

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støtte opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og mestre. Barnehagen skal introduserer nye situasjonar, tema og fenomen og bidra til meiningsfull samhandling. Barna sin nysgjerrigkeit og vitebegjær skal anerkjennast og stimulerast og ligge til grunn for deira læringsprosesser.

### - Fremme SOSIAL KOMPETANSE

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt i saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal barna få oppleve seg sjølv som verdifulle, få vennar og bidra i eit sosialt fellesskap. Barna si sjølvskjensle skal støttast, samstundes som dei skal få hjelpe til å meistre balansen mellom å ivareta eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.

### - Fremme KOMMUNIKASJON OG SPRÅKLEG KOMPETANSE

Barnehagen skal vere medviten på at kommunikasjonen og språk påverkar og vert påverka av alle sider ved barna si utvikling. Kommunikasjon og språkleg kompetanse er naudsynt for å forstå omverda, bygge relasjonar, kommunisera og samhandle med andre.

Barnehagen skal sjå omsorg og danning, leik, læring, sosial kompetanse og språkleg kompetanse i ein heilskapleg samanheng. Dette arbeidet vert lagt vekt på i barnehagane sine årsplanar.

## 7.1 Kvalitet

Barn sin trivnad og utvikling er mål for alt kvalitetsarbeid i barnehage-sektoren.

### Kva er kvalitet i barnehagen

Arbeid med kvalitet er ein kontinuerlig, systematisk prosess, kor dei vurderingane som vert gjort, vert følgt opp med justeringar og nye mål. Sirkelen indikerer at det er eit kontinuerlig arbeid som ikkje har noko endepunkt.



### For god kvalitet

Vurdering vert gjort gjennom: Foreldreundersøkingar, ståstadsanalyse, barnehagen sine eigen kartleggingar og kontinuerlig refleksjon og vurdering av arbeidet.

STRUKTURKVALITET	PROSESSKVALITET	RESULTATKVALITET
<p>Til dømes</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Personaltettleik</li> <li>● Kompetanse</li> <li>● Inne- og uteareal</li> <li>● Gruppestørleik</li> <li>● Organisering</li> </ul>	<p>Til dømes</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Lyttande og omsorgsfullt samspel mellom vaksne og barn.</li> <li>● Godt samarbeid mellom heim og barnehage.</li> </ul>	<p>Til dømes</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Barn sin trivsel</li> <li>● Barn si språklege, kognitive og sosiale utvikling</li> </ul>

## 7.2 SATSINGSMÅRÅDE: Barnehage

### 7.2.1 SPRÅK

Språkløyper er ein nasjonal strategi som skal styrke norske elevar sitt språk, lesing og skriving.


For barn i barnehagealder er språk avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjoner. Tidleg innsats er stikkordet. Språkgrunnlaget som blir lagt i barnehagetida er viktig for seinare lesing, skriving og læring. Språkløyper skal styrke kompetansen hos personalet, og vise korleis barnehagen kan jobbe

med språk og fange opp dei som strevar.

Plan for språkarbeid i barnehagen Tysnesbarnehagane har og laga ein plan for språkarbeidet i barnehagen, SOL. Den er no revidert og skal jobbast særskilt med framover.

### 7.2.2 Leiing for kvalitet

Tydelig og kompetent leiing er ein viktig føresetnad for å skape eit best mulig omsorgs- og læringsmiljø for barna. Stortingsmelding 19.



Barnehagen skal være ein lærande organisasjon. Målet er å heve kompetansen gjennom lærande møter på alle nivå, for å sikre kvaliteten ut mot kvart enkelt barn. Læringssløyfer sikrar kontinuitet i det pedagogiske arbeidet.

### 7.2.3 SOFYKOS – Sosial kompetanse, fysisk fostring og kosthald

Sofykos plan

«Målsettinga er å skapa eit betre arbeidsmiljø for barn og tilsette gjennom aktivt arbeid med sosial kompetanse, større fokus på fysisk aktivitet og gode rutinar for måltid og kosthald» Jf. Sofykosplanen. Vidareføra og sikre arbeidet i SOFYKOS-planen. Institusjonaliserast.

### Læringssløyfer:

Alt må henge sammen, for at det enkelt barnet skal oppleve kvalitet

#### 7.2.4 Førebyggande arbeid mot mobbing

Plan for førebyggande arbeid mot mobbing

Det er barnehagens oppgåve å førebyggje, avdekke og handtere mobbing. Barnehagen har nulltoleranse for mobbing.

I Rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver står det blant anna at;

- *barnehagen har en samfunnsoppgave i tidlig forebygging av mobbing*
- *barnehagen skal fremme positive handlinger som motvirker mobbing*
- *personalet i barnehagen skal arbeide for et inkluderende miljø som motvirker mobbing*
- *sosial kompetanse er vesentlig for å motvirke utvikling av mobbing*

## 7.2.5 Minoritetsspråklege barn

Handbok for minoritetsspråklege barn i Tysnes-barnehagane.

Barn med minoritetsspråklig bakgrunn har dei same rettane som andre barn som går i barnehage. For å sikra at minoritetsspråklege barn får desse rettane har Tysnesbarnehagane utarbeida ein plan for dette arbeidet.

## 7.2.6 Overgang barnehage – skule

### Overgangsplan barnehage - skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barnet kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole. Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbuddet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen. Rammeplanen.

### Fra eldst til yngst

Både barnehagen og skulen har ansvar for ein god overgang, seier regelverket for barnehage og skule.

## 7.2.7 Forskinsprosjekt i lag med Høgskulen på Vestlandet

«DigEst» Digital teknologi, språkleik og estetiske prosessar i barnehagen. Ein ynskjer å løyse to utfordringar i dagens barnehage: Anti-sosiale effektar av barns bruk av skjermteknologi og den svake vektlegginga av fagområdet kunst, kultur og kreativitet. Hovudmål: Aktivitetane skal utvikle ein forskingsbasert praksis basert på bruk av innovativ skjermfri digital teknologi for å styrke det pedagogiske arbeidet med barns sansing, språkutvikling og estetiske læreprosessar. Dette vil vere eit kompetanseløft for pedagogar i barnehagen.

## 8 SKULE: SAMFUNNSMANDAT

I «Lov om grunnskulen og den vidaregåande opp-læringa» finn me:

### § 1-1. Formålet med opplæringa

*Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

*Opplæringa skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfri-dom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.*

*Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.*

*Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfold og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.*

*Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne mestre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforsk-artrong. Elevane og lærlingane skal lære å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.*

*Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.*

*Samfunnsmandatet blir konkretisert i «St.meld. nr 31, Kvalitet i skolen». Det er dei tre delane av «Kunnskapsløftet» som samanfattar og konkretiserer lovverket.*

Generell del av læreplanen har vore med sidan R-94 og L-97, og angir overordna mål for opplæringa og innehold det verdimessige, kulturelle og kunnskaps-messige grunnlaget for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Den beskriv det meiningsøkjande

mennesket, det skapande mennesket, det arbeidande mennesket, det allmenndanna mennesket, det samarbeidende mennesket, det miljømedvitne mennesket og det integrerte mennesket.

Prinsipp for opplæringa, med læringsplakaten streker under at opplæringa skal fremje utvikling av elevane sine kunnskapar og dugleikar, samstundes som ein skal ta omsyn til deira ulike føresetnader og behov.

Læreplanane for fag konkretiserer ytterligare gjennom kompetansemåla i dei ulike faga. Dei grunnleggande dugleikane å kunne uttrykke seg skriftleg og munnleg, lese, rekne og bruke digitale verktøy er integrert i kompetansemåla i alle fag. Grunnleggande dugleikar er både ein føresetnad for å utvikle fagkunnskap og ein del av kompetansen i ulike fag.

St.meld.nr 31, kvalitet i skolen snakkar også om tidleg innsats. Barna sin læring dei første åra har stor betydning for kunnskapar og dugleikar seinare i livet. Dei sosiale og språklege dugleikane ved skulestart har stor betydning for læringsutbytet i skulen. Tidleg innsats betyr forsterka innsats dei første åra, men også å ta tidleg fatt i problem uansett når dei måtte oppstå. Det er også elevar med spesielt gode evner og dugleikar som må få tilstrekkelege utfordringar i skulen.

Regjeringa har også formulert tre mål for grunnskuleopplæringa:

1. Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.
2. Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre videregåande opplæring med kompetansebevis som blir anerkjent for vidare studiar eller i arbeidslivet.
3. Alle elever og lærlingar skal bli inkludert og oppleve meistring.



## 8.1 SATSINGSMRÅDE skule:

### 8.1.1 Språk, lesing og skriving

Skulane har i fleire år hatt fokus på lese og skriveopplæring. Me har nyttat mellom anna SOL (systematisk observasjon av lesing), lesekurs,... Det er viktig at me framleis har stort fokus på dette. Barnehagar og skular deltek difor i den Nasjonal strategien for språk, lesing og skriving -Språkløyper.

#### Kvifor delta i Språkløyper?

- 16 prosent av norske 15-åringar ligg på eit lese-nivå som er under "kritisk grense".
- Gutane skårar lågare enn jentene i lesing.
- Elevar med innvandrarbakgrunn skårar lågare i lesing enn elevar med norsk bakgrunn.
- Barn og elevar som strevar med språk, lesing og skriving blir ikkje alltid oppdaga tidleg nok.

- Høgt presterande elevar får ikkje alltid nok utforderingar og støtte.

Det unike med denne strategien er at det for første gong blir satsa systematisk både på barnehage og alle trinn i grunnskole og vidaregåande skule i same strategi. Han er laga slik at styrarar og leiarar kan ta innhaldet i bruk i barnehagar og skular straks, og heile organisasjonen skal arbeide saman om ei kompetanseutvikling.

Skulane nyttar ulike kartleggingsverkty, og har som mål å kartlegge den einskilde elev to gongar i året. Målet er at alle kartleggingsresultat blir samla på [www.vokal.no](http://www.vokal.no)

#### **Metode:**

Kartlegging haust- og vårhalvåret

Satsa på kompenserande hjelpemiddel, digitale læremiddel

Lesekurser

Meir fokus på lesing heile året. Mengdetrening.  
«Lese-kvart»

Satsa på utvida bruk av skule/folkebibliotek



### **8.1.2 Vurdering for læring**

#### **Kvalitetsbeskriving:**

Skulen skal arbeide for å betra rutinar for oppfølging av resultat frå kartlegging og brukarundersøkingar samstundes som ein må einast om kva som er god vurderingspraksis. Skulen har konkrete årsplanar som syner samanhengen mellom mål for opplæringa,

arbeidsmåtane og vurderingsarbeidet. Skulen legg til rette for opplæring i vurderingsarbeidet, og erfaringsutveksling vert sett i system.

Undervegsvurdering skal vera ein integrert del av opplæringa hos alle lærarane. Lærarane skal gje elevane tilbakemeldingar underveis som motiverer dei mot vidare utvikling i faget. Lærarane skal nytta både munnleg og skriftleg undervegsvurdering som elevane forstår og kan gjøre seg nytte av. Det skal vera samanheng mellom måla og kva det skal leggjast vekt på i vurderinga av arbeidet til elevane. Lærarane må leggja til rette opplæringa slik at elevane ser eiga mestring og potensiell utvikling. Elevane skal vera kjende med kva for kompetanse/læringsmål dei arbeider mot og kva dei vurderast ut i frå.

Lærarane skal tydeleggjera kompetansemål ved å bryte dei ned til konkrete læringsmål for kvar undervisningsøkt. Elevane skal få trening i å vurdere korleis dei best lærer og kva dei har lært. Elevane skal få systematisk tilbakemelding på kva dei meistar i faget i forhold til måla. Elevane skal få tydelege framovermeldingar.

Dei føresette skal gjerast kjende med vurderings-praksisen på skulen slik at dei kan vera aktive i eleven si opplæring. Vurdering og eleven si opplæring skal vera tema i foreldresamarbeidet.

#### **8.1.3 Tilpassa opplæring**

Tilpassa opplæring er eit gjennomgåande prinsipp i heile opplæringa. Kravet om at opplæringa skal vera tilpassa eleven sine evner og føresetnadar, er nedfelt i opplæringslova.

Spesialundervisning må sjåast som ein del av arbeidet med å gje alle elevar likeverdig og tilpassa opplæring. Dei elevane som ikkje har tilfredsstillande utbyte av den ordinære undervisninga, har rett til spesialundervisning.

I det tilpassa opplæringstilbodet tilbyr Tysnes kommune mellom anna Blå skule/Alternativ skuledag for

elevar som har trong for eit heilskapleg spesialpedagogisk tilbod i tillegg til den ordinære undervisninga. Den blå skulen gjev ein god balanse mellom fagleg og sosial opplæring gjennom praktisk arbeid.  
Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp

### **8.1.4 Sofykos- Sosial kompetanse – fysisk aktivitet og kosthald**

Fellesplan med barnehage

### **8.1.5 Førebuande arbeid mot Mobbing**

Opplæringslova, kapittel 9a: Elevane sitt skolemiljø: "Alle elevar har rett til eit trygt og godt miljø som fremjar helse, trivsel og læring." Skulen skal aktivt og systematisk arbeida for at elevane skal trivast og oppleva tryggleik og sosialt tilhøyring gjennom



- Skuleleiing
  - Klasseleiing
  - Tiltaksplanar mot mobbing
  - Timeplanfesta arbeid med sosialkompetanse
  - Alle som arbeidar på skulen har aktivitetsplikt – følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og gjere tiltak.
- Frå NOU 2015: Å høre til – Djupedalutvalget. Virke-midler for et trygt psykososialt skolemiljø.  
Å høre til - NOU 2015

### **8.1.6 Leiing for kvalitet**

**1310:** Oppvekstetaten nyttar den nettbaserte løysinga 1310.no, eit system for kvalitetsvurdering av verksemder etter opplæringslova. (Opplæringslova §13-10 )

Skuleigar og den einskilde skule fylger nøye med resultata til sine elevar/skular både i lovpålagte kartleggingsprøver, Elevundersøkinga, i Nasjonale prøver og eksamsresultata. Tilstandsrapporten vert kvart år lagt fram for Utval for oppvekst/omsorg og Kommunestyre til orientering og diskusjon.

Skulane er i eit prosjekt ilag med KS-konsulent, der leiing for kvalitet er tema. Tysnes kommune ynsjer å vidareutvikle struktur og kultur for kvalitet i skulane gjennom leiing.

### **8.1.7 Minoritetsspråklege elevar**

Her er målet å lage ein handlingsplan om korleis ein tek imot minoritetsspråklege barn i Tysnesskulane. Opplæringslova Utdanningsdirektoratet har laget verktøyet Kartleggingsmateriell. Språkkompetanse i grunnleggende norsk, som Tysnes kommune vil nyta seg av. Læreplan i grunnleggende norsk for språklege minoritetar skal vere grunnlaget for språkopplæringa i Tysnesskulane

### **8.1.8 Overgangsplan: barnehage – skule**

Felles med barnehage sin plan.

## 9 TYSNES KULTURSKULE

Tysnes kulturskule gjev undervisningstilbod til barn og unge frå førskulealder til ferdig alder i vidaregåande skule. Det vert gitt undervisning i fleire kulturuttrykk.

### 9.1 Måla for kulturskulen er sett opp slik:

- Tysnes kulturskule skal vere eit synleg lokalt ressurscenter for musikk og kulturfagleg arbeid i Tysnes kommune.
- Tysnes kulturskule skal gje eit frivillig, meiningsfullt og vedvarande opplæringstilbod innan ulike kulturfag med vekt på barn og unge.
- Tysnes kulturskule skal gje elevane høve til å oppleve meistring gjennom uttrykk og formidling, ut frå den einskilde sine føresetnader.

- Tysnes kulturskule skal legge til rette for tverrfagleg samarbeid og samhandling.
- Tysnes kulturskule skal vere ein aktiv bidragsytar til eit rikt og variert kulturliv i kommunen

I den Nasjonal rammeplan for kulturskole står det:  
Kommunen som skuleeigar har ansvar for at:

- kulturskulen sitt tilbod følgjer nasjonale føringer gjevne i rammeplanen.
- kulturskulen har kvalifiserte lærarar.
- kulturskulen har lokale som er tilpassa den undervisninga som blir tilbydd.

Elles vert det generelt vist til: Prosjektrapport for Tysnes kulturskule 2015-2020

## 10 RESSURSAR KNYTT TIL OPPVEKST

- Tysnes kommune kjøper tenester hos PPT Os.
- Logoped: Tysnes kommune har ei 80 % stilling som logoped. Logopeden er spesialpedagog som gjennomfører trening med barn som har språklege vanskar i barnehage og skule.

- Synspedagog: Tysnes kommune innehavar ei 30 % stilling som synspedagog. Tilboden består i å tidlig avdekke synsvanskar hos barn, og iverksette treningsopplegg ved behov. Det vert ei kartlegging av alle 6 åringer før skulestart. På denne måten kan ein avdekke vanskar som må fylgjast opp i forhold til lesing og skriving. Dette er eit lavterskelstilbod til alle barn der ein kan ha misstankar om synsvanskar.

## 11 LENKJESAMLING (LENKJER SOM ER VIST TIL I PLANEN)

- <http://www.tysnes.kommune.no/getfile.php/3681780.2288.waeeuxwauf/Info%20Skulehelsetenesta.doc.as.pdf>
- <https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-kommunens-helsefremmende-og-forebyggende-arbeid-i-helsetasjons-og-skolehelsetjenesten>
- <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/237/Psykisk-helsearbeid-for-barn-og-unge-i-kommune-IS-1405.pdf>
- <https://www.regjeringen.no/contentassets/aca456569b1d41e9abd37a2a8038637e/no/pdfs/st-m201520160017000dddpdfs.pdf>
- <https://www.regjeringen.no/contentassets/53164b1e70954231b2a09d3fdec1888b/no/pdfs/nou201620160016000dddpdfs.pdf>
- <http://www.forandringsfabrikken.no/>
- <http://circleofsecurity.com/>
- [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL_1)
- <http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitet-i-barnehagen/hva-er-kvalitet-i-barnehagen/>
- <http://sprakloyper.uis.no/>
- <http://www.tysnes.kommune.no/planar-for-tysnesbarnehagane.397142.nn.html>
- <https://www.regjeringen.no/contentassets/cae152ecc6f9450a819ae2a9896d7cf5/no/pdfs/st-m201520160019000dddpdfs.pdf>
- [http://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/veiledere/fra\\_eldst\\_til\\_yngst\\_veileder\\_fra\\_kd.pdf](http://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/veiledere/fra_eldst_til_yngst_veileder_fra_kd.pdf)
- <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/>
- <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/prinsipper-for-opplaringen2/>
- <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/finn-lareplan/>
- <https://www.regjeringen.no/contentassets/806ed8f81bef4e03bccd67d16af76979/no/pdfs/st-m200720080031000dddpdfs.pdf>
- <https://www.regjeringen.no/contentassets/35689108b67e43e59f28805e963c3fac/no/pdfs/nou201520150002000dddpdfs.pdf>
- <http://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/%C2%A72-8>
- [https://www.udir.no/globalassets/upload/kartleggingsprover/udir\\_kartleggingsmateriell\\_bm\\_301007.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/kartleggingsprover/udir_kartleggingsmateriell_bm_301007.pdf)
- <https://www.udir.no/kl06/NOR7-01>
- [http://www.kulturskoleradet.no/\\_extension/media/260/orig/2014%2008\\_Rammeplan\\_for\\_kulturskolen.pdf](http://www.kulturskoleradet.no/_extension/media/260/orig/2014%2008_Rammeplan_for_kulturskolen.pdf)
- <http://www.tysnes.kommune.no/kulturskulerapport-tysnes-kulturskule-2016-2020.5863702-312078.html>



